



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Helse Midt-Norge RHF  
Postboks 464  
7501 STJØRDAL

HELSE	MIDT-NORGE
Saksdok:	2010/67-95
Mottatt:	11 MAI 2010
Saksbeh:	BR1 Unnt.off.:
Arkiv:	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		19660/2010/	Åse E. Bergdal Slatlem, 71 25 88 42	30.04.2010

## Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal sin uttale til "Strategi 2020 - Strategi for utviklingen av tjenestetilbudet i Helse Midt-Norge"

Møre og Romsdal eldreråd gjorde i møte 8. april 2010 følgende samrøystes vedtak:

"Fylkeseldrerådet er i første rekkje opptatt av å fokusere på dei tilhøva som vedkjem dei eldre når det gjeld Strategi 2020.

Strategi 2020 omtaler dei eldre i liten grad. Ein av grunnane til dette er nok at tenester og tilbod til dei eldre i mange samanhengar er å sjå på som ei kommunal oppgåve. Samhandlingsreforma føreset at kommunane skal overta nokre av dei oppgåvene helseforetaka har i dag. Det er i denne samanheng grunn til å minne om eldrebølgja som er like om hjørnet. Denne set og sine krav til personell og behandlingsslassar av ulike slag. Eit sentralt spørsmål er: Vil vi i næraste framtid få nok fagpersonell av ulike kategoriar når det gjeld tenestetilboda for dei sjuke eldre?

Samhandlingsreforma er Regjeringa sitt svar på eldrebølgja og auken i kroniske og livsstilssjukdomar.

Nasjonal norm for sjukeheimsplassar er 25 plassar pr 100 over 80 år. I følgje undersøking gjort av Norsk Pensjonistforbund avdeling Møre og Romsdal i 2007, låg fylkesgjennomsnittet på 18,5 pl /100 over 80 år. Likevel blir det planlagt og gjennomført avheimling av sjukeheimsplassar til omsorgsbustader i somme kommunar. Vi ser at kommunane slit med økonomien. Prioriteringar mellom ulike sektorar har ofte som resultat at eldreomsorga blir skadelidande. Med dei innstrammingar i offentlege utgifter som er meldt frå sentrale styresmakter, er vi redde for at situasjonen ikkje vil betre seg vesentleg for eldreomsorga i kommunane. Når styresmaktene heller ikkje er villige til å øymerke midlar til utbygging av helsetilboda i kommunane, er vi redde for at skilnadene på tilbod blir store i kommunane.

Vi veit at i tillegg til mangel på sjukeheimsplassar i kommunane i Møre og Romsdal, er det stor mangel på nok kvalifisert helsepersonell. Det gjeld katastrofal mangel på legedekning i sjukeheimane, der ein har svært sjuke pasientar, og mangel på anna faglært personell.

Fylkeseldrerådet er uroa over at nye behandlings- og rehabiliteringsoppgåver kan bli overlatte til kommunane før dei har makta å få utbygd sitt apparat. Dersom dette ikkje er på plass, vil det ramme dei eldre sjuke sterkast.

Det må ved sjukehusa vere nok legar som har inngåande kunnskapar om dei eldre sine sjukdomar. Geriatarar viser til at dei eldre ofte har mange og samansette lidningar, og at sjukehusa burde byggje ut geriatrien for å møte behova som eldrebølgja vil medføre. Sjukehusa har ansvar for rehabilitering av pasientane frå 1. dag og til kommunane kan overta med tilfredsstillande tilbod.

Pasientbehandlninga skal effektiviserast, blir det påpeika i høyringsdokumentet. Overgangen frå døgn- til dag- og poliklinikkbehandling går ikkje raskt nok, blir det hevda. Dette kan bli ei utfordring for mange sjuke eldre, og vil fordre eit tett samarbeid mellom heimesjukepleien i kommunane og sjukehusa.

Akuttmottaka må byggjast så nær kvarandre at ein slepp uheldige og uverdige transportar og at det blir mest mogleg skånsom reise for pasienten. Ut frå denne tankegangen finn ein det ulogisk at det no frå styrande organ i helseforetaka kjem forslag om å leggje ned akuttmottaka ved Kristiansund sjukehus og Volda sjukehus.

På side 17 i Strategi 2020 går det fram at Helse Midt-Norge skal styrkje brukarrolla. Dette ser vi i fylkeseldrerådet på som avgjort positivt, og vonar at dei eldre framleis skal bli representerte i helseforetaka sine brukarutval."

Med helsing

Målfrid Mogstad  
Eldrerådets leiar

  
Åse Ellen Bergdal Slattem  
rådgivar